



Majo Eigedom AS  
Lindåsvegen 154  
5914 ISDALSTØ

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/2474 - 15/27420

Saksbehandlar:  
Anne Lise Molvik  
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:  
27.08.2015

## Ferdigattest - bustad på gbnr 177/21 Nesse.

**Administrativt vedtak. Saknr: 349/15**

**Tiltakshavar: Sverre Nesse**  
**Ansvarleg søkjar: Majo Eigedom AS**  
**Søknadstype: Søknad om ferdigattest etter plan- og bygningslova (pbl.) § 21-10.**

Ansvarleg søkjar har ordna med naudsynt sluttokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak i saka datert 16.05.2014. For tiltak med krav til uavhengig kontroll ligg det føre dokumentasjon for utført sluttkontroll.

Det er i samband med ferdigattest gitt melding om at det er montert minireinseanlegg av anna merke enn det som låg til grunn ved søknaden om utsleppsløyve. Oppgitt reinsegrad for det nye anlegget er det same som for anlegget det er gitt utsleppsløyve for. Administrasjonen vurderer at endringsmelding ikkje er naudsynt og føreset at gitte vilkår i utsleppsløyvet/byggjeløyvet er følgd.

Det vert elles vist til søknad motteken 20.08.2015 og supplert 24.08.2015.

### Skildring

Adresse:	Seimstranda 479
Bygningstiltak:	Bustad
Bygningsnummer:	300484859
Bruksareal:	125
Avlaup:	Privat biologisk/kjemisk reinseanlegg (August)
Vatn:	Privat borehol
Tal på røykløp:	1

### VEDTAK



Med heimel i plan- og bygningslova § 20-10 vert det gjeve ferdigattest for bustad med tilhøyrande anlegg på gbnr 177/21.

Bygningen eller delar av den må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset. Bruksendring krev særskilt løyve, jf. pbl. § 20-1, bokstav d.

### **Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

### **Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høvet til å klaga på vedtaket vera nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 14/2474

Med helsing

Tor Hegle  
avdelingsleiar

Anne Lise Molvik  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### **Kopi til:**

Sverre Nesse

Seimsstranda 483 5912

SEIM

### **Mottakarar:**

Majo Eigedom AS

Lindåsvegen 154 5914

ISDALSTØ